

P R O LOG.

Til venefesten i ungdomslaget "Vårliv", Isdalstø, laurdag 22/4. 1950.

1.

So steingrå og livlaust ligg snaudfjell og bö ein vinterdag innunder jol-.
Slik låg og vår heimbygd, frå heid og til sjö, og lengta mot varme og sål:
Folket var fanga og blinda av verdi. Burt frå den levande kjelda gjekk ferdi,
fylgde dei verdslege vanar og vis.
Dalen var fager, men frosen til is!

2.

Dei stræva i heim og fabrikk, og med jord, og gløymer sin Gud og si sjæl!
Dei kastar sitt snøre og garn ut på fjord, og meiner at allting er vel!
Andre dei steller i flor og i löda, ideleg opptatt med maten og föda - - .
Laurdagkveld legg over vyrka sin glans, når ungdomen mötest til drykk og ti-

3.

Dei eldre sit steingjengne kvar i si krå, set radio på, med ein klickk - - .
På kyrkjeveg er dei so skjeldan å sjå, men höyrer på dansemusikk,
på visor og slikt som kan kleia i öyra. Eit ord ifrå Herren dei nødig vil
höyra.

Slik spiller dei nådens dyrverdige dag, på veg mot det evige sjælebedrag!

4.

Men höyr korleis frelsaren feller sin dom, i kjærleik og misskunn på jord:
Eit vitne frå H A N, etter nyttår her kom, fekk inngong med Bibelens ord.
Trass dagane var både kalde og gråe, og folki som samlast-frå fyrsten-var få
Gud gav oss ei signerik joletrefest.- - -
Kanhenda me minnest den samkoma best - - .

5.

Om mange dei gløynde dei ord som vart sagt, Den Heilage Ande var sterk!
Han virka på folk med Guddommeleg makt. Tok til med sitt frelsande verk!
Dei unge og eldre sat stridde og tenkte, so hjarto vart gripne og tårerne
blenkte - -

Den fyrste som frelsaren vann, vart han Svein .

Seinare kom dei so, ein etter ein.

6.

I sanning: det vart oss ei underleg tid, med ljós over Golgata kross.
Guds ande og ord skapte vårlösing blid, og Jesus vart större for oss.
I heim og på vegar, på möter og stemne, det "eine fornödne" vart samtaleemne - .
Ho Ragnhild - med fleire - vart strålande glad
når ungdom og eldre dei vitna og bad.

7.

Kor sält å få leva, når vekking og vår gjer ende på vinternatts gru !
Når Jesus får lækja dei blödande sår. Og twilen må vika for tru !
"Gud, hjelp du oss alle mot Himlen å vandre,
i kjærleik og truskap mot Deg og kvarandre !
Dei ufreliste må kje få levande fred,
men hjelp Du oss, Herre, å vinna dei med ! "

Johs. M. L. Rydland.